

Firdakraft AS
c/o SFE Produksjon AS
6823 SANDANE

Vår dato: 10.11.2015
Vår ref.: 201208198-7
Arkiv: 311 / 086.722Z
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Tonje Aars Grønbech
22 95 92 06 / tagr@nve.no

Insteelvane kraftverk - Bremanger kommune i Sogn og Fjordane - Tiltaket er vurdert som ikkje-konsesjonspliktig.

Basert på dei opplysningane som ligg føre, vedtek NVE med heimel i vassressurslova § 18 at planane til Firdakraft AS om å nytte fallet frå eksisterande inntak og overføringstunnel til å produsere kraft i nye Insteelvane kraftverk, ikkje har følgjer for allmenne interesser i ein slik grad at det utløyser konsesjonsplikt etter § 8 i vassressurslova.

NVE kan i medhald av vilkår i eksisterande konsesjon følgje opp planlegging, bygging og drift av det nye anlegget. NVE skal godkjenne detaljplanane før anleggsarbeidet startas opp. Firdakraft AS må søkje NVE om anleggskonsesjon etter energilova.

Vi syner til brev av 19.12.2012, om opprusting og utviding av eksisterande anlegg for bygging av Insteelvane kraftverk. NVE skal på bakgrunn av opplysningane i brevet avgjere om utbygginga fører til skader eller ulemper for allmenne interesser i så stor grad at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova § 8.

Omtale av plan for tiltaket

Eksisterande situasjon i vassdraget

Firdakraft AS har i dag løyve til å regulere Isavatn og overføre Midtelv og Østre Øksendalselv (Insteelvane) til Bjørndalsvatn i Vestre Øksendalselv (Kgl.res. 7. juli 1967).

Isavatn blir i dag tappa ned, som oftast tilsvarande årstilsiget, over ein periode på ca. 10 veker i tida desember – mars. Vatnet frå Insteelvane og eit bekkeinntak i Kringsjøvatnet blir overført til Bjørndalsvatnet. Inntaket i Insteelva er eit bekkeinntak utført med ein låg sperredam og inntakskonstruksjon med varegrind og føringar for bjelkestengsel. Via sjakt og tunnel blir vatnet overført til Bjørndalsvatnet. Det er ikkje krav om minstevassføring frå korkje Isavatn, Kringsjøvatn eller på strekninga Insteelva.

Fallet frå Bjørndalsvatnet og Dauremålsvatnet til Øksendalsvatnet blir nytta i kraftverka Bjørndal og Dauremål. Desse kraftverka er vurdert som ikkje-konsesjonspliktige, men er knytt til gjeldane

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

reguleringskonsesjonar, og er såleis underlagt ein eventuell framtidig revisjon. Øksendalsvatnet er igjen inntaksmagasin for Øksenelvane kraftstasjon.

Plan for tiltaket

Planen er å nytte fallet frå eksisterande inntak i Insteelva (kote 575) og Midtelva/Kringsjøvatn (kote 600) til Øksendalsvatnet (kote 393) gjennom å setje trykk på eksisterande overføringstunnel frå nemnde inntak. Kraftstasjonen er tenkt plassert ved Bjørndalen kraftstasjon, og bygginga vil auke produksjonen i vassdraget med rundt 13 GWh. Ein får også auka tappekapasiteten til Øksendalsvatnet, noko som reduserer faren for overløp frå Bjørndalsvatn.

Det vart på same tid med planen om Insteelvane kraftverk meldt inn plan om bygging av nye Øksenelvane kraftstasjon. Denne vart vurdert som ikkje-konsesjonspliktig i brev frå NVE datert den 24.10.2013. Den nye Øksenelvane kraftstasjon vil ha større slukeevne enn dagens stasjon, og bygginga av Insteelvane kraftverk vil auke fleksibiliteten i drifta av denne. Samla vil gjennomføringa av dei to prosjekta bidra med ca. 35 GWh/år.

Det må byggast ny sperredam like nedstraums inntaket, noko som vil auke storleiken av vassdekt areal i området på ca. 3400 m². Dammen vil bli utført i betong, med ein lengde på ca. 60 m og ein største høgde på ca. 2 m.

Kraftverket vil nytte eksisterande sjakter og overføringstunnel frå Insteelva/Kringsjøvatn til Bjørndalsvatnet. Det blir etablert ein propp i eksisterande tverrslag i overføringstunnelen. I proppen blir det også montert forbitappings-arrangement for tapping til Bjørndalsvatnet når tilsiget til inntaka overskrid slukeevna i kraftstasjonen. Ein 600 m lang røyrgate vil verte nedgrave i grøft til ein eksisterande veg. Massar frå sprenging av grøft for røyrgata vil verte nytta til opparbeiding av ein 150 m lang ny veg vidare ned til kraftstasjonen.

Installasjonen i kraftstasjonen blir med ein peltonturbin på 5 MW og ein generator på 5,49 MVA. Produksjonen blir levert over 66 kV transformator til eksisterande nett.

Firdakraft AS har sikra seg alle rettar til utnytting av fallrettane i området, samt naudsynt grunn.

Verknader for miljø, naturressursar og samfunn, i følge søkjer

Tappinga av Isavatnet vil, som i dag, skje over ein periode på ca. 10 veker på vinteren. Vassnivået i inntaket i Insteelva vil bli heva ca. 2 m i høve til dagens normalvasstand, og 1 m i høve til dagens flaumvasstand. Eventuelt tilsig utover slukeevna til Insteelvane kraftstasjon vil bli slept til Bjørndalsvatnet som i dag. Kraftstasjonen vil ha avløp til Bjørndalselva like ved Bjørndalen kraftstasjon.

Som grunnlag for hydrologiske- og produksjonsmessige berekningar er det nytta NVE sitt isohydratkart med avrenningsdata for perioden 1961-1990 og vassmerke 86.12 Skjerdalselv. Tilsiget er gjennom kalibrering mot faktisk produksjon i Øksenelvane kraftverk redusert med 7,5% i høve til avrenningskartet. Kraftverket vil få eit nedslagsfelt på 16,4 km², og normaltilsiget er berekna til 2,0 m³/s, noko som gjev eit årstilsig på 64,4 mill. m³. Eksisterande regulering i Isavatn (lokal reguleringsgrad på 133,5 %) bidreg med ein total reguleringsgrad på 24,4 %.

Det er ikkje krav om minstevassføring i nokon av dei gjeldande konsesjonane i vassdraget, og tiltaket vil ikkje føre til ytterlegare hydrologisk påverknad i og med at inntakspunkt og avløp frå kraftverket skjer på same stad som i dag. Tilsig utover slukeevna til kraftverket (berekna til 10,5% av totaltilsiget), samt tilsig når dette underskrid minimum slukeevne (berekna til 0,2% av totaltilsiget) vil bli sleppt til Bjørndalsvatnet som i dag. Kraftverket vil med andre ord nyttiggjere seg av 89,3% av totaltilsiget.

Alminneleg lågvassføring i lokalfeltet til Insteelva (uregulert) er berekna til 76 l/s, medan tilsvarande for det totale tilsiget til kraftverket slik tappinga føregår i vassdraget i dag, er berekna til 170 l/s.

Søkker ventar ikkje at tiltaket vil innebære noko konflikt med å ta vare på naturmangfaldet. Det er ikkje registrert raudlisteartar i tiltaksområdet, og det er ikkje fisk i elva ved inntaket.

Landskapet i området kan seiast å ha stor verdi, men er tydelig prega av vegar og vasskraftreguleringar med tilhøyrande infrastruktur. Gjennom bygging av ny sperredam vil det vassdekte arealet ved inntaket blir fordobla, noko Firdakraft AS sjølv meine vil varte eit positivt element i landskapet.

Tiltaksområdet er eit lokalt-, regionalt og nasjonalt viktig friluftsområde (jf. Fylkesatlas.no, fylkesdelplan for arealbruk), men i følgje søkker vil ikkje gjennomføringa av tiltaket redusere området sin verdi for brukarane.

Det er ikkje registrert kulturminner i tiltaksområdet. Tiltaket er ikkje i konflikt med offentlege planar eller nasjonale føringar, ei heller med prosjekt kartlagde i Samla Plan. Øksendalsvassdraget har sidan 1950-tallet vore sterkt prega av reguleringar til vasskraftproduksjon, og gjennomføringa av tiltaket vil marginalt auke den samla belastninga på området.

Høyring

Planane er sendt på høyring til Bremanger kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. NVE reknar dette som tilstrekkelig for denne sakstypen. Høyringa skulle få fram eventuelle synspunkt på om prosjektet ville røyre ved viktige allmenne interesser i ein slik grad at det ville utløyst konsesjonsplikt. Frist for å komme med fråsegn vart satt til 27.02.2015.

NVE har motteke følgjande fråsegner:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skriv i sitt høyringsfråsegn, motteke 26.02.2015, at dei meiner Insteelvane kraftverk røyver allmenne interesser i så stor grad at tiltaket må konsesjonshandsamast etter vassressurslova. Sjølv om Firdakraft AS meiner tiltaket ikkje vil redusere området sin verdi for brukarane, meiner Fylkesmannen det ikkje er gjeve at brukarane, m.a. Sogn og Fjordane Turlag, vil meine det same. Fylkesmannen peike på at tiltakshavar sjølv nemner at området ligg i eit lokalt-, regionalt og viktig nasjonalt viktig friluftsområde, med Bukkenibba og Blånibba/Gjegnen (i Ålfotbreen landskapsvernområde) som dei vanlegaste turmåla. Fylkesmannen påpeiker tiltaksområdet sin nærleik til Ålfotbreen landskapsvernområde, og skriv at inngrep og tiltak i tilgrensande område skal etter plan- og bygningslova vurderast om dei kan ha innverknad inne i verneområde.

Fylkesmannen meiner at området er dårleg undersøkt jamfør naturmangfaldlova, sidan det ikkje blei gjort naturfaglige undersøkingar då Øksenelvane kraftstasjon m. fl fekk konsesjon i 1959 og 1967.

Samstundes med planen for Insteelvane kraftverk meldte søkker inn plan om bygging av nye Øksenelvane kraftstasjon for vurdering av konsesjonsplikt. Fylkesmannen skriv at dei ikkje kjende til planane for eit nytt Insteelvane kraftverk den gang, og ser i dag at dei også burde ha rådd til konsesjonshandsaming av nye Øksenelvane kraftstasjon.

Fylkesmannen viser til at dei tre kraftverka i Dauremål, Bjørndal og Øksenelvane etter deira syn er svært aktuelle for revisjon i perioden 2009-2017. Etter deira meining må heile kraftutbygginga i området vurderast samla, og alle nye planar bør konsesjonshandsamast for å sikre miljøvilkår i tråd med moderne vassdragskonsesjonar. Dei ber om eit møte med NVE for å gå gjennom dei mange kraftprosjekta i Ålfoten området.

Bremanger kommune skriver i sitt høyringsfråsegn, mottatt 10.03.2015, at tiltaket er i strid med føremålet i kommuneplanen sin arealdel, vedteken i Bremanger kommunestyre 27.94.2004. Der står det at planstatus for området er landbruks-, natur- og friluftsområde, retningsline «der friluftslivet er dominerande». Bremanger kommune påpeiker at friluftsliv og jakt – først og fremst hjortejakt – er viktige interesser i dette området.

Kommunen ber om at det blir vurdert nærare om kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å kjenne verknadene for allmenne interesser, jf. krava i naturmangfaldlova. Sameleis ber kommunen om at vurdering av konsesjonsplikt blir sett i lys av samla situasjon for området, der det er fleire kraftverksplanar, og revisjon av fleire kraftverk står for døra.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune skriv i sitt høyringsfråsegn, mottatt 13.02.2015, at dei ikkje har merknader til den framlagde planen og konsekvensvurderingane som er gjort. Dei peikar på at Øksendalsvassdraget har sidan 1950-talet vore prega av anleggstiltak og reguleringar for vasskraftproduksjon. Dei nye tiltaka som er framlagt i planen, vil marginalt auke den samla påverknaden i området, og Fylkeskommunen vurderer difor tiltaket som ikkje konsesjonspliktig.

Oppsummering av søkjer sin kommentar til høyringsfråsegna

Til Fylkesmannen si vurdering av at tiltaket må ha konsesjon fordi skade og ulempe er av så stort omfang for allmenne interesser, svarer Firdakraft AS at det i hovudsak berre er heving av vassdekt areal som utgjer ei ny, lita visuell endring i tiltaksområdet. Området der rørgate, tilkomstveg og kraftstasjon blir plassert, er i dag allereie sterkt prega av vasskraftanlegg. Difor blir landskapsendringane her marginale, og Firdakraft meiner desse tiltaka påfører området minimale inngrep og låg påverknad for allmenne interesser.

Firdakraft AS kan ikkje sjå at Fylkesmannen verken har faglig grunnlag eller legg frem dokumentasjon som på nokon måte underbygger konklusjonen om at Insteelvane kraftverk påverkar allmenne interesser i så stor grad at tiltaket må konsesjonshandsamast.

NVE si vurdering

Firdakraft AS ønskjer å bygge eit nytt Insteelvane kraftverk, ved å bygge om og ruste opp eksisterande inntak og vassveg. Dei ytre rammene for manøvreringa blir dei same som før, og det er ikkje søkt om å nytte nytt vatn.

Vurdering av konsesjonsplikt vart gjort på bakgrunn av føringane i vassressurslovas § 18. NVE skal på bakgrunn av dei opplysningane som har komme frem i meldinga, avgjere om utbygginga medfører slike skader eller ulemper for allmenne interesser i vassdraget at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslovas § 8.

Sjølv om det i utgangspunktet eksisterer ein konsesjon for reguleringa av Isavatn og overføring av Midteltv og Østre Øksendalselv, blir vurderinga av konsesjonsplikt for Insteelvane kraftverk ei rein vurdering av konsesjonsplikt etter vassressursloven § 8 sidan utvidinga ikkje fører til at reguleringskonsesjonen må endrast/justerast. NVE skal primært vurdere moglege skadar og ulemper i sjølve vassstrengen. Moglege negative verknader, som til dømes friluftsliv og landskap, er normalt ikkje ein del av grunnlaget for vurderinga. NVE har likevel kommentert enkelte forhold som høyringspartane har tatt opp, men som strengt tatt ikkje har nokon nær samanheng med endringar i sjølve vassstrengen.

Firdakraft AS ønskjer å nytta fallet frå eksisterande inntak i Insteelva og Midteltva/Kringsjåvatn til Øksendalsvatnet gjennom å trykksetje eksisterande overføringstunnel frå nemnde inntak. Dei ønskjer

også å bygge ein ny sperredam, samt ny røyrgate frå tunnelen til ein ny kraftstasjon. Kraftstasjonen er tenkt plassert ved Bjørndalen kraftstasjon, og vil auke produksjonen i vassdraget med rundt 13 GWh.

Parallelt med denne planen vart det meldt inn plan om bygging av nye Øksenvane kraftstasjon for vurdering av konsesjonsplikt. Denne vart vurdert som ikkje-konsesjonspliktig i brev frå NVE datert 24.10.2013. Fylkesmannen skriver i sitt høyringsfråsegn at dei ikkje kjende til planane om Insteelvane kraftverk då dei rådde til at Nye Øksenvane ikkje skulle konsesjonshandsamast. NVE registrerer derimot at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skreiv følgjande i sitt høyringsfråsegn til planane om nye Øksenvane kraftstasjon, mottatt 26.7.2013:

«Det er planlagt bygging av ei ny kraftstasjon, Insteelvane kraftverk, ny vassveg og nytt inntak i Øksendalsvatnet.»

Dersom Insteelvane kraftverk vurderast som ikkje konsesjonspliktig, vil det knytast til gjeldande reguleringskonsesjon. Dette inneber mellom anna at Insteelvane kraftverk vil inngå i ein eventuell revisjon av reguleringskonsesjonen.

Hydrologi

I gjeldane konsesjon har Firdakraft AS løyve til å regulere Isavatn og overføre alt vatnet frå Midtelv og Østre Øksendalselv (Insteelvane) til Bjørndalsvatn i Vestre Øksendalselv. I realiteten er dette avgrensa av kapasiteten til overføringstunnelen.

Tiltaket vil føre til at det vassdekte arealet ved inntaket i Insteelva vil auke, og planen er å demme opp ca. 2 m. Søkjar opplyser at dette er for å få maksimal trykkehøgde. NVE legg til grunn at vassnivået ved inntaksbassenget er på eit stabilt nivå til ein kvar tid dersom kraftverket blir bygd.

Det er ikkje søkt om å endra mønsteret for tappinga. Det er ikkje krav om minstevassføring frå korkje Isavatn, Kringsjåvatn eller Insteelva i dag, så ingen elvestrekningar vil bli ytterlegare røyvd av tiltaket.

Om Insteelvane kraftverk blir bygd vil det auke tilførselen av vatn og fleksibiliteten i drifta til Øksendalsvatnet, og kraftverket som ligg der. Dersom Insteelvane kraftverk blir sett i drift, vil dette medføre eit produksjonstap i Bjørndal kraftverk tilsvarende 11,4 GWh, men samla vil gjennomføringa av Insteelvane kraftverk og nye Øksendalsvatn kraftverk auke produksjonen i vassdraget med rundt 13 GWh. Ein får også auka tappekapasiteten til Øksendalsvatnet noko som reduserer faren for overløp frå Bjørndalsvatnet. NVE legg til grunn at tiltaket ikkje vil føre til vesentleg endra tapperegime.

Landskap

Landskapet i området har stor verdi, men er prega av vegar og vasskraftreguleringar. Ettersom eksisterande inntak ligg godt utanfor grense for Ålfoten landskapsvernområdet og nærmast umogleg å sjå frå landskapsvernområdet, endrar ikkje planane der er søkt om dei verdiane som skal ivaretakast gjennom verneplanen/-forskrift.

I regional plan for vasskraft (ikkje vedteken) er to fossar i elva oppstraums inntaket i Insteelva peika på som viktige landskapselement. Firdakraft meiner gjennomføringa av tiltaket ikkje vil endre verdien av desse. Planen er å bygge ny sperredam like nedstraums inntaket, noko som vil gje ei auke av vassdekt areal i området på ca. 3400 m². Sjølv, beskriv utbygger at dette kan sjåast på som eit positivt element i landskapet.

NVE kan vanskeleg sjå at tiltaket vil påføre verknader i landskapet som gjev ei vesentleg endring i høve til dagens situasjon. Ettersom det naturleg er fleire småvatn i Insteelvane vil eit inntaksmagasin utan større regulering iallfall ikkje vere negativt. Vassdragsnaturen rundt Ålfotbreen er kjenneteikna ved at der er fleire «trappeteg» frå breen til fjorden.

Friluftsliv

Generelt er området allereie sterkt påverka av kraftutbygging, og fylkeskommunen gjev uttrykk for at tiltaket vil ha liten verknad på totalbiletet eller allmenne interesser. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Bremanger kommune meiner tiltaket vil redusere området sin verdi for friluftslivet, og dei påpeiker at friluftsliv og jakt – først og fremst hjortejakt – er viktige interesser i dette området.

Etter at det vart bygd veg frå fjorden og opp til Øksendalsvatn for nokre år sidan, er det truleg at dei fleste nytter denne vegen før turen startar inn i fjellområdet. Skal turgåarar austover vil dei no passere ovanfor inntaket i Insteelvane. Før vegen kom, gjekk nok fleire folk opp langs Insteelvane frå fjorden. Som friluftsområde er området rundt Insteelvane mest nytta av lokale. Landskapsverområdet derimot, har regional/nasjonal friluftsverdi, men har mange andre innfallsportar enn via Insteelvane. Ettersom vatnet allereie blir overført, vurderer NVE at tiltaket med inntaksbasseng vil ha liten verknad for friluftslivet.

Søkjer opplyser at det ikkje er forventa overskot av massar i forbindelse med gjennomføringa av prosjektet. Massar frå sprenging av grøft for røyrgate vil bli nytta til opparbeiding av permanent veg til kraftstasjonen. Gitt at overskot av masser blir nytta til opparbeiding av veg kan ikkje NVE sjå at friluftsliv eller landskapsverdiar blir nemneverdig påverka at det planlagde tiltaket.

Forholdet til naturmangfaldslova

Alle styringsinstansar som forvaltar natur, eller som fattar vedtak som har verknader for naturen, pliktar å vurdere planlagde tiltak opp mot naturmangfaldlovas (nml) relevante paragrafar. Det følgjer av nml. § 8 at offentlege vedtak som rører naturmangfaldet skal, så langt det er rimeleg byggje på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologiske tilstand, og dessutan effekten av påverknader. Krava til kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg tilhøve til karakteren i saka, og risiko for skade på naturmangfaldet.

Basert på søk i naturbase, deira eigen synfaring og kjennskap til området, meiner søkjer at tiltaket ikkje vil innebære noko konflikt med ivaretaking av naturens sitt mangfald. Det er ikkje registrert noko raudlista artar, det er ikkje fisk i elva og vegetasjonen er prega av dvergbjørk, vier og lynghai.

NVE meiner at kunnskapsgrunnlaget om naturens sitt mangfald i det aktuelle området er godt nok til å kunne avgjere spørsmålet om konsesjonsplikt, sett i høve til prosjektets omfang og risiko for skade jf. nml. § 8. Normalt vil det vere aktuelt å vurdere § 10 i naturmangfaldlova i denne type saker, men NVE reknar dei inngrepa som allereie er gjort i området til å vere såpass store og omfattande, slik at opprustinga det er søkt om vil ha liten verknad på totalbiletet.

Forholdet til vassforskrifta

Planane om bygging av Instaelvane kraftverk vil ikkje endre dagens tapperegime, og det er ikkje krav om minstevassføring frå korkje Isavatn, Kringsjøavatn eller på strekninga ved Insteelva. NVE ser det derfor ikkje som relevant å vurdere prosjektet opp mot § 12 i forskrifta om rammar for vassforvaltninga.

Forholdet til anna relevant lovverk og føringar

Dersom eit tiltak vurderast som ikkje-konsesjonspliktig, har ikkje NVE heimel til å gi løyve til å ekspropriere korkje fallrettar eller nødvendige areal til anlegget det er søkt om. Søkjer må sjølv skaffe seg naudsynte rettार til dei nye areala som skal takast i bruk, inkl. areala til høgspontanlegg, og eventuelle fallrettar. Enten må søkjer komme frem til minnelege avtaler med dei aktuelle rettshavarene, eller så må dei må søke fylkesmannen om ekspropriasjon etter oreigningslova. Firdakraft AS kan opplyse at dei har sikra seg alle rettार til utnytting av fallrettane i området, samt naudsynt grunn.

NVE si konklusjon

Basert på dei opplysningane som ligg føre, vedtek NVE med heimel i vassressurslova § 18 at planane til Firdakraft AS om bygging av nytt kraftverk i Insteelvane ikkje har følgjer for allmenne interesser i ein slik grad at det utløyser konsesjonsplikt etter § 8 i vassressurslova.

NVE kan i medhald av vilkår i eksisterande konsesjon følgje opp planlegging, bygging og drift av det nye anlegget. Ein må søkje NVE om anleggskonsesjon etter energiloven. NVE skal godkjenne detaljplanane før anleggsarbeida blir sett i gong.

Både Bjørndalen, Dauremål og eventuelt Insteelvane er kraftverk som utnyttar eksisterande konsesjonsgitte reguleringar og vassvegar (i hovudsak). Så lenge kraftverka ikkje endrar på reguleringane og gjeldane tapperegime eller fører til nye inngrep i urøyvde naturtypar bør dei handsamast utan eigen konsesjon, men inngå i gjeldande reguleringskonsesjon.

Vassressurslova har fleire alminnelege reglar om vassdrag. Desse er gjevne i vassressurslova kapittel 2, og gjeld for alle tiltak i vassdrag. NVE syner spesielt til plikta til å vere aktsam i vassressurslova § 5, som påleggje at vassdragstiltak skal planleggjast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.

Vi gjer merksam på at dersom planen blir endra eller det viser seg at allmenne interesser kan bli påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. Planen må i så fall sendast til NVE for ny vurdering. Ved utførte tiltak som er konsesjonspliktige etter vassressurslova vil NVE med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting. Iverksetjing av konsesjonspliktige tiltak utan naudsynt løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi minner om at tiltaket må avklarast i høve til anna relevant lovverk, for eksempel kulturminnelova og lakse- og innlandsfiskelova.

Eit vedtak om ikkje-konsesjonsplikt gjeld under føresetnad av at arbeidet blir starta opp seinast fem år frå vedtaksdato og fullført innan ytterlegare fem år, jf. vassressurslovs §§ 19 og 27. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan denne tid må NVE gjere ei ny vurdering. Det kan søkjast om utsetjing éin gong. Skjema for å melde om idriftsetjing er å finne på www.nve.no. Dette må sendast NVE straks kraftverket er sett i drift.

Tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle skader og ulemper for private interesser som følgjer av tiltaket.

Forholdet til energilova

Energilova § 3-1 om konsesjon på anlegg seier at "*Anlegg for produksjon, omforming, overføring og fordeling av elektrisk energi, kan ikkje byggas, eiges eller drives utan konsesjon. Det same gjelder ombygging eller utviding av beståande anlegg.*" Dersom planane blir gjennomført må det difor søkjast NVE om anleggskonsesjon etter energilova for dei elektriske anlegga.

Forholdet til forureiningslova

NVE har ikkje mynde til å gi løyve etter forureiningslova. Det må sendast eigen søknad til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om naudsynt avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen.

Om klage og klagerett

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg

klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Carsten S. Jensen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.